



Gulen kommune
Innbyggarservice

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900
5020 Bergen

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
2025/41973	2025/1258-2	Anne-Line Kvame	22.09.2025

Svar på høyring - Forsøk om administrativt vertskommunesamarbeid på tvers av forvaltningsnivå - Kommunearkivordninga i Vestland - KAV

Viser til brev motteke 20.06.2025.

Saka gjeld deltaking i forsøksordning for å testa ut ein ny måte å organisera samarbeidet mellom kommunane i Sogn og Fjordane og Vestland fylkeskommune, på fagområdet arkiv. I dag er dette løyst ved ein kommunalt oppgåvefellesskap – Kommunearkivordninga i Vestland KO (KAV). For at dette forsøket skal bli noko av må alle kommunane i KAV vedta ny forskrift og stille seg bak søknaden til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD). Departementet må godkjenne forsøket og stadfeste forskrifta om forsøk, som vert gjeldande i forsøksperioden. Representantskapet fatta vedtak om deltaking i forsøksordninga i møte 07.03.2025.

Gulen kommune er positive til forsøk om administrativt vertskommunesamarbeid på tvers av forvaltningsnivå, med Vestland fylkeskommune som vertskommune, på fagområde arkiv.

Gulen kommune har gjennom IKT-Nordhordland samarbeidet kjennskap til depotordninga hjå IKA-Hordaland, og håpa det vert jobba for samhandling og fellesorganisering av depottenesta i heile Vestland fylke.

Med helsing

Anne-Line Kvame
leiar Innbyggarservice

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje handskriven signatur

Bruk gjerne eDialog for å svare oss på dette brevet. Oppgi referansenummer 2025/1258. Les meir om eDialog på <https://gulen.kommune.no/article/kontakt-oss>

Vedlegg

Kopi til internmottakar:

Reidun Katrine Halland